

---

**Saknr:** 2020/42135-1  
**Saksbehandlar:** Lars Erik Lunde
 

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		11.03.2020

**Fordeling av planleggingsmidlar 2020**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsle og mobilitet gjer vedtak om følgjande fordeling av planleggingsmidlar for 2020.

Kommune	Strekning/tiltak	Løyving
Sogndal	Fv. 55 Bru over Esefjorden (skredsikring Kjenes)	4 000 000
Stryn	Fv. 60 Hildestranda - Innvik	20 000
Kinn	Fv. 548 Brandsøy - Solheim	50 000
Sunnfjord	Fv. 609 Heilevang	900 000
Bremanger	Fv. 614 Svelgen-Indrehus	800 000
Gloppen	Fv. 615 Sandane - Fitje	350 000
Askvoll	Atløysambandet	300 000
	Enkle fysiske tiltak	65 000
	Kollektivtrafikktiltak	65 000
Luster	Fv. 55 Høyheim - Nes	500 000
Askvoll	Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll	150 000
Høyanger	Fv. 55 Tronvik - Ulvåna	150 000
Stad	Fv. 620 Kjøde - Sandvik	50 000
Stord	Sykkelbyavtale Stord	200 000
Øygarden	Sykkelbyavtale Fjell	200 000
Kvinnherad	Kvinnheradspakken	3 000 000
	Diverse mindre planprosjekt (utgreiing)	500 000
Alver	Fv. 57 Skodvin skule- Vågseid	50 000
Alver	Fv. 57 Lindås - Austrheim grense	100 000
Alver	Fv. 565 Ny Alversund bru med veg	1 500 000
	Fv. Miljøtiltak -problemkartlegging	200 000
Askøy/Bergen	Fv. 562 Kollektiv Strusshamnsvatnet	200 000
Fitjar/Stord	Fv. 545 Stord vestsida, Fitjar/Stord	500 000
Bømlo	Fv. 542 Svortland sentrum	800 000

Kommune	Strekning/tiltak	Løyving
Bømlo	Fv23 Tverråna-Alvsvågkrysset	300 000
Sveio	Fv. 6 Grimstveit-Sveio sentrum	1 000 000
	Støykartlegging i Hordaland	250 000
	Diverse mindre planprosjekt (planlegging)	500 000
Etnes	Skånevik-Nesvåg samt deler av Nes	300 000
Kvam	Fv. 7 Tokagjelet	400 000
Kvam	Fv. 7 Øystese -Ålvik-Granvin	300 000
	Utgreiingar	5 000 000
<b>Totalt</b>		<b>22 700 000</b>

2. . Hovudutval for samferdsle og mobilitet gir fylkesdirektøren for infrastruktur og veg fullmakt til å gjere endringar i fordeling av løyvinga mellom planprosjekta ut frå framdrift gjennom året.

#### Samandrag

I investeringsbudsjettet for 2020 er det sett av 22,7 mill. kr til planlegging/planprogram. Denne saka føreslår fordeling av løyvinga på ulike plan- og utgreiingsprosjekt.

Ramma for planprogrammet er sett opp i høve til tidlegare vedteke investeringsprogram for fylkesvegnettet i tidlegare Hordaland og planleggingsprogram for tidlegare Sogn og Fjordane. Planprogrammet inneheld såleis planprosjekt for heile Vestland fylkeskommune.

For å sikre at planprosjekta har ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane i tråd med framdrifta gjennom året.

Dine Lefdal  
fylkesdirektør

Einar Kvam  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak 14/2019 til fylkestinget 17. desember vart budsjett for 2020, samt økonomiplan fram til 2023 vedtatt. Av vedtaket kjem det fram at det er sett av 22,7 mill. kr på investeringsbudsjettet til planleggingsprogram.

Planprogrammet skal gjere greie for kva prosjekt som skal planleggast med tanke på realisering.

Ramma for planprogrammet er sett opp i høve til tidlegare vedteke investeringsprogram for fylkesvegnettet i tidlegare Hordaland og planleggingsprogram for tidlegare Sogn og Fjordane. Planprogrammet inneheld såleis planprosjekt for heile Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsle og mobilitet har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde, jf. Budsjettreglementet pkt. 3.5.6.

Vurderingar og verknader

Innafor denne løyvinga skal vi finansiere planlegging etter plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyvinga. Nokre av prosjekta ligg allereie inne i investeringsprogrammet med oppstartsløyving i økonomiplanperioden. Det er også viktig å gjere utgreiingar med tanke på å sikre kunnskap som grunnlag for dei prioriteringane vi skal gjere framover i arbeidet med Regional transportplan for Vestland fylkeskommune.

Løyvingane til dei enkelte prosjekta er anslag på behov slik vi ser det no. Framdrifta i dei enkelte planprosessane er usikker. For å sikre ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane i tråd med framdrifta gjennom året.

I det følgjande gis ein omtale av dei ulike plan- og utgreiingsprosjekta.

*Fv. 55 Bru over Esefjorden (skredsikring Kjenes), Sogndal kommune*

Dette er eit skredsikringsprosjekt med planlagt oppstart i 2021. Løyvinga skal nyttast til arbeid med reguleringsplan.

*Fv. 60 Hildestranda - Innvik, Stryn kommune*

Planforslaget omhandlar gang og sykkelveg og det er oversendt Stryn kommune. Det står att eit lite restbehov til å slutføre reguleringsplanen. Prosjektet er ikkje prioritert med investeringsløyving i gjeldande økonomiplanperiode.

*Fv. 548 Brandsøy - Solheim, Kinn kommune*

Prosjektet er eit pågåande gang- og sykkelvegprosjekt. Det står att eit mindre restbehov knytt til reguleringsplanen.

*Fv. 609 Heilevang, Sunnfjord kommune*

Dette er eit skredsikringsprosjekt. Løyvinga er knytt til slutføring av reguleringsplan.

*Fv. 614 Svelgen-Indrehus, Bremanger kommune*

Dette er eit stort investeringsprosjekt med planlagt oppstart i 2021. Løyvinga er knytt til slutføring av reguleringsplanen.

*Fv. 615 Sandane - Fitje, Gloppen kommune*

Prosjektet har vore prioritert på marginallista for gang- og sykkelvegprosjekt i tidlegare Sogn og Fjordane. Løyvinga gjeld arbeid knytt til reguleringsplan.

*Atløysambandet, Askvoll kommune*

Prosjektet er eit stort ferjeavløysingsprosjekt. Det er oppført i investeringsprogrammet med oppstart i 2021. Løyvinga vil bli nytta til avsluttande arbeid med reguleringsplan og ev. oppstart av KS2-rapport (kvalitetssikring av kostnadsoverslag og styringsdokument).

*Enkle fysiske tiltak*

Løyving til planlegging av ev. enkle fysiske tiltak.

*Kollektivtrafikktiltak*

Løyving til planlegging av ev. enkle fysiske tiltak som busslommer, leskur og liknande.

*Fv. 55 Høyheim - Nes, Luster kommune*

Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring og reguleringsplan på strekninga.

*Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll, Askvoll kommune*

Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring (utgreiing) for tiltak (mindre utbetringar) på strekninga.

*Fv. 55 Tronvik - Ulvåna, Høyanger kommune*

Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring (utgreiing) for tiltak (mindre utbetringar) på strekninga.

*Fv. 620 Kjøde - Sandvik, Stad kommune*

Det er sett av ei løyving til prosjektavklaring (utgreiing) for tiltak (mindre utbetringar) på strekninga.

*Sykkelbyavtale Stord, Stord kommune*

Fylkeskommunen og Statens vegvesen er partar i sykkelbyprosjekta på Stord. Der inngått avtale om årleg sum til sykkelbyavtalen. Det settast av planmidlar til sykkelfremjande tiltak, og til å få fram prosjekt i sykkelbyavtalen.

*Sykkelbyavtale Fjell, Øygarden kommune*

Fylkeskommunen og Statens vegvesen er partar i sykkelbyprosjekta på Øygarden (Fjell). Der inngått avtale om årleg sum til sykkelbyavtalen. Det settast av planmidlar til sykkelfremjande tiltak, og til å få fram prosjekt i sykkelbyavtalen.

*Kvinnheradspakken - planprosjekt, Kvinnherad kommune*

Det er sett i gang fleire planprosessar til mogelege prosjekt som kan vere med i Kvinnheradspakken. Kommunen har sett i gang planlegging av fv. 48 Herøysund. I 2019 sette Statens vegvesen i gang planlegging på Krokaparsellen og grunnundersøkingar i Toftebrekka. Andre aktuelle planer er mellom anna fv. 544 Sæbøvik-Eidsvik, fv. 544 Sæbøvik-Tofte, fv. 48/544 Opsanger-Porsvik, fv. 48 Sandvoll sentrum, fv. 551 Strekning Fureberg-Årnes. Nokre utgreiingar er sett i gang og ein ventar at reguleringsplanarbeid for Kvinnheradspakken vil bli gjennomført i heile planperioden 2019-2022.

*Fv. 57 Skodvin skule- Vågseid (gs-veg), Alver kommune*

Det manglar tilbod til gåande og syklande. Realisering av planen vil auke trafikktryggleiken og skape samanhengande sykkelvegnett. I 2020 er det lagt opp til mindre justeringar av planen før den kan leggest fram til endeleg vedtak. Tiltaket er ikkje ein del av Nordhordlandspakken.

*Fv. 57 Lindås - Austrheim grense, Alver kommune*

Strekninga frå Lindås til Mongstad har ikkje tilstrekkeleg tilbod til mjuke trafikkantar. Planen er snart ferdig. Planforslaget er venta godkjent i 2020.

*Fv. 565 Ny Alversund bru med veg, Alver kommune*

Kommunedelplanen er vedtatt og reguleringsplanarbeidet vert starta. Fylkeskommunen har tidlegare ynskt arkitektkonkurranse for utforming av brua. Planarbeidet er venta å gå over to år.

*Fv. Miljøtiltak -problemkartlegging*

I arbeidet med regional plan for vassregionen Vestland med tiltaksprogram, skal vegeigar kartlegge trong for tiltak på fylkesvegane.

*Fv. 562 Kollektiv Strusshamnsvatnet til og med Olsviktunnelen, Askøy og Bergen kommune*

Det er trong for eit forprosjekt med fokus på framkome for kollektivtrafikk.

*Fv. 545 Stord vestsida, Fitjar/Stord kommune*

Føremålet med prosjektet er vegutbetring. Prosjektet inngår i utbetringa av vegsystemet på Stord vestsida. Utarbeiding av planforslag før kommunal handsaming.

*Fv. 542 Svortland sentrum, Bømlo kommune*

Planarbeidet har hovudfokus på tilbodet for mjuke trafikantar. Opprusting av kollektivknutepunktet er med i planarbeidet. Utarbeiding av planforslag før kommunal handsaming.

*Fv. 5012 Tverråna - Alvsvågkrysset, Bømlo kommune*

Tiltaket er vegutbetring og tilbod til gåande og syklande på heile strekket. Planforslag er til kommunal behandling.

*Diverse mindre planprosjekt (utgreiing). Vestland fylke*

I samband med til dømes kollektiv- eller trafikksikringstiltak kan det verte trong for planarbeid/utgreiing for å realisere tiltaka. Det vert sett av midlar i planprogrammet til slike planprosjekt.

*Fv. 6 Grimstveit-Sveio sentrum, Sveio kommune*

Det er sett i gang planlegging for vegen mellom Grimstveit - Sveio sentrum, som er vidareføring av starta planprosess frå 2019.

*Støykartlegging (Hordaland)*

Det er sett av midlar til lov-pålagde tiltak.

*Diverse mindre planprosjekt (planlegging). Vestland fylke*

I samband med til dømes kollektiv- eller trafikksikringstiltak kan det verte trong for planarbeid for å realisere tiltaka. Det vert sett av midlar i planprogrammet til slike planprosjekt.

*Fv. 5014 Skånevik-Nesvåg samt deler av Nes, Etne kommune*

Planen har vore til offentleg ettersyn i 2019. Oppfølging av motsegn og krav før slutføring. Tek sikte på godkjenning av plan i 2020.

*Fv. 49 Tokagelet (Steinsdalen - Tokagelet), Kvam kommune*

Fv. 49 gjennom Tokagelet har to delstrekningar som ligg på skredsikringslista. Det er teke sikte på endeleg ferdigstilling av kommunedelplanen i 2020. Reguleringsplanarbeidet kan starte opp når stadfesta kommunedelplan føreligg.

*Fv. 79 Øystese -Ålvik-Granvin, Kvam kommune*

Det er sett av investeringsmidlar til utbetring av strekninga fram til 2025. Det er trong for utgreiingar og reguleringsplanar for å realisere nokre av utbetringane på denne strekninga. Forsett i 2020 med planlegging på enkelte punkt på strekninga.

*Utgreiing*

*Det er sett av ei samleløyving til følgjande:*

- Utgreiing i samband med bompengepakker
- Utgreiing - Skisseprosjekt/moglegheitsstudiar som til dømes Fv. 49 Austrepollen-Nordrepollen, KDP Kvinnherad-Stord, KDP Alversund bru, " «faglege utgreiingar i samband med handlingsprogram /RTP», "Utgreiingar programområder Vestland utanom Miljøløftet, Nasjonale sykkelruter og turistruter i Vestland.
- Diverse utgreiingar/moglegheitsstudier for tiltak i heile Vestland fylke.

**Økonomi:** Fylkestinget vedtok i budsjettet for 2020 ei ramme for planlegging på 22,7 mill. kr som vert fordelt vidare etter vedtak i hovudutval for samferdsle og mobilitet.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Regional planstrategi for Vestland er under utarbeiding

## Konklusjon

Planlegging er viktig for å sikre at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyvinga. Det er også viktig å gjennomføre utgreiingar og moglegheitsstudie slik at vi har eit godt grunnlag for å gjere prioriteringar av kva tiltak som skal gjennomførast på fylkesvegnettet i samband med arbeid med Regional transportplan for Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren legg med dette fram sitt framlegg til fordeling av ramma til planlegging, jf. vedtakspunkt 1. For å sikre at planprosjekta har ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at

fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane mellom prosjekta i tråd med framdrifta gjennom året.